



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 05.03.2018
Vår ref.: 2017/2495-16
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Offentleg ettersyn av reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum - oval rundkjøring - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 18.01.2018 om høyring av forslag til detaljregulering for oval rundkjøring i Knarvik sentrum. Føremålet er i hovudsak i samsvar med områdeplanen for Knarvik.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi har ingen avgjerande merknader til saka, utover at ein under opparbeiding av planområdet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk, som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi tek likevel etterhald om at det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatorens få melding for ein nærmare gransking av staden, jf. kulturminnelovens § 8 andre ledd. Vi ber om at nemnde etterhald vert teke inn i reguleringsføresegnerne under felles føresegner.

Fylkeskonservator har ikkje merknader til planen ut over dei nemnde etterhalda i høve til kulturminne.

Samferdsel

Lindås kommune har lagt fram to ulike alternative løysingar til offentleg ettersyn. Skillet mellom dei er knytt til å etablere eit samanhengande sykkeltilbod i samband med tilhøva for reetablering av bensinstasjonen og utnytting av arealpotensialet der. Hovudskilnaden er at sykelfeltet langs deler av Kvassnesvegen er teke bort i alternativ 2. Dette er ei løysing fylkeskommunen sterkt vil rá frå. Lindås kommune har ved fleire høve framheva sykkel som eit satsingsområde, og trafikksikre løysingar for alle trafikantgrupper må difor prioriterast høgt i reguleringsplaner. I kommunen sin samfunnsdel finn ein mellom anna følgjande strategiar:

- «Utvikle samanhengande gang- og sykkelvegar, og leggje til rette for sykkelparkering i sentrumsområdet»
- «Sikre areal til gang- og sykkelvegnettet. Sikre areal til sykkelparkering. Sikre areal til trygge barnehage/skulevegar.»

Planområdet har ein sentral plassering i regionsenteret Knarvik, og her er planlagt utbygging av både bustader og ulike sentrumsføremål. Det vil vere problematisk om kommunen går inn for at born i dette området ikkje har ein trafikksikker veg til skulen. Kommunen vil gå imot eigne prinsipp om å utvikle samanhengande gang- og sykkelvegar i kommunen ved å legga alternativ 2 til grunn for vidare planlegging. Fylkeskommunen rår til at kommunen legg alternativ 1 til grunn for vidare prosess.

Kollektivtransport

På sikt er det lagt opp til at kollektivterminalen i Knarvik skal få ein ny plassering, og det er sannsynleg at ny permanent lokalisering vert på tomta der dagens barneskole ligg. Før dette vert realisert skal det leggast tilrette for ein midlertidig terminal mellom E 39 og Kvassnesvegen. Det har vore ein kjent utfordring at bussane må køyre ned Kvassnesveneg før dei kjem inn på perrongen, og same veg opp til E39. Skyss er bekymra for at kollektivtrafikken ikkje kan nyte seg av inn/utkøyringa i krysset da krysset mellom Bruvegen og Kvassnesvegen ikkje er dimensjonert for møtande busstrafikk. Det er eit krav at krysset vert dimensjonert for eit slikt formål dersom det skal vere aktuelt å nytte den midlertidige terminalen.

Det har vore dialog mellom Skyss og planstiller om plassering av midlertidig terminal. Skyss ser det som mest hensiktsmessig å finne ein løysing langs E 39. Dette vil vere ein god løysinga med tanke på effektiv bussavvikling og for å betene dei viktigste målpunkta i Knarvik. Det er laga ein orienterande framdriftsplan, men status for denne og prosessen rundt lokalisering av midlertidig bussterminal er ikkje avklart. Dette er ein pågående dialog mellom Hordaland fylkeskommune/Skyss og kommunen som må avklarast i samband med reguleringsplanen for rundkøyringa som no er på høyring.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld tilrettelegging for sykkel og rår til at alternativ 1 vert lagt til grunn for vidare planprosess.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlarar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest